

Prosjektbeskriving for Husøy

Kort versjon

Status:

Husøy har ein fantastisk natur som er både røff og monumental samtidig som den er småkupert, menneskenær i småskalaen, variert og mystisk.

I samtale med kaféverten på Husøy kom det fram følgjande påstand: "Der finst ikkje noko spesielt her, ingen attraksjonar."

Eg synest naturen er ein meir enn nok heftig attraksjon på staden dersom ein får opp augene for den.

Den nordlege delen av øya er utan hus og er - som eg forstår det - lite brukt.

Denne delen er i mine auge den største attraksjonen på øya.

Intensjon:

Eg ønskjer å tilføre staden former som står i forhold til landskapet og framkallar landskapet. Eg vil tilføre noko **anna** som synleggjer omgivnaden gjennom form og storleik, både på avstand og på nært hald.

Formene skal delvis følge landskapet og delvis stå i kontrast til det. Formene er meint å fungere som "attraktor" og "katalysator" mellom mennesket og naturen.

Dei viktigaste grepa

1. Eg legg ut ei **blå linje** som er visuelt fatteleg, eit eige uttrykk som er aktivt mot landskapet, og som drar til seg blikket og interessa.

"Linja" dukkar opp og forsvinner, for så å stikke opp igjen dersom ein vandrar gjennom landskapet eller kjem frå sjøen. Ein serie av fragment.

"Linja" søker å seie noko om mangfaldet i dette landskapet som er eit monumentalt miniunivers. Den startar allereie ved moloen ved at eg "koplar" stålfigurane til moloens lange blå betongvegg. Ei "utviding" av moloens linje ved å bruke den samme blåfargen. "Linja" i stålformene har varierende høgder over bakken.

2. Eg foreslår å lage ein **sti** med bruer som dukkar opp enkelte stader, på utvalte strekningar. Altså ei anna linje, denne på bakken.

3. Det er ei hole, lite grotte vest for lykta. Den er både dramatisk og litt mystisk.

Den har ei tiltrekkingskraft som eg ønskjer å forsterke ved å utstyre den med eit svakt, men levande **lysspel** frå ei blank, speglende form.

Nærare beskriving:

1. "Linja"

5 ulike, men beslektta stålkonstruksjonar blir plassert i eit utval av vesentlege posisjonar i området.

- I nærleiken av "inngangspartiet" til naturområdet, ovanfor trappa.
I skråninga der terrenget begynner å falle, eit stykke nedanfor fyrlykta.
- I ei lita dump mellom to mindre forhøgningar, meir mot aust,
- Ved sjøkanten på vestsida
- Ovanfor hola på ein liten haug

Sjå situasjonskartet.

Ein får ikkje oversikt over alle formene på ein gong, men ein oppfattar at det finst fleire i det fjerne.

Høgdena på formene varierer mellom ca. 3 og 8 meter.

2. Stien

Det er ein rekke stader ein må klatre over sprekker i berg. Desse er ikkje veldig djupe, men er akkurat litt for store for å hoppe over.

Eg ønskjer å bidra til stien med **bru**. Bruene skal lagast i eitt stykke stein og monterast over kløfter i terrenget, frå stein til stein. Bearbeidd stein mot naturlege formasjonar. Bruene skal vere lett bøygd med ei lita reising i midten, og utan rekkverk. Dei skal vere forseggjorte på ein enkel måte med godt handverk og med ei samanføyning mot berget som er tydeleg, men ikkje prangande. Eg ser for meg at bruendens motstykke (negativ) blir hogd inn i berget som ei lita hylle som brua kviler på.

Ut frå min nåverande kunnskap om terrenget vil vere tilstrekkeleg med 4 - 5 slike steinbru.


3. Hola

Det er ei naturleg hule under nokre store blokker på vestsida av øya, omtrent på linje med lykta. Staden er skyggefull og ikkje utan vidare tilgjengeleg, men er godt synleg og temmeleg dramatisk.

Slike holer har alltid vore interessante for folk, og dei er omgitt av litt mystikk.


Eg ønskjer å tilføre hola eit lite, men forstørra fragment av dei øvrige stålkonstruksjonane, men utført i speglende materiale. Forma (teken frå eit koplingspunkt mellom det horisontale og vertikale) skal likne på ein T med kulerunde ender. Forma blir stilt diagonalt (sett ovanfrå) og skrått i vertikalplanet. Det vil føre til spegling av landskap, vatn og himmel, og gi lysspel i taket på hola, avhengig av årstid og vær.

Pulverlakkert rustfritt stål er det aktuelle materialet.



Konkurransbidrag til Nasjonale turistvegar, Husøy, 2009

Oversikt frå vest og fugleperspektiv




Ved sjøen


I "dumpen"

Ved hola

På toppen

Nær trappa





Kjerringbåen

Husøy

Situasjonsplan med plassering av stålformer, steinbruer, stier og hola

Ved sjøen

I dumpen

Ved hola

På toppen


-  Blå stålformer
-  Steinbru
-  Stier
-  Hola

Lykthammaren
Øyfjord lykt


Ved trappa

Øyneset


Skarvesteinen




Former frå sørvest




Oversikt frå nord






Forma ved sjøen, frå nordvest


Utsnitt frå søraust med 3 former



Forma i "dumpen"



På toppen og ved hola, frå vest



Forma på toppen, frå nord

